



Arkivnr: 2017/2247-2

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## **Fornyng av sertifikatlån 390 mill. kr**

### **Samandrag**

Eit sertifikatlån på 390 mill. kr har forfall 17. mars. Lånet vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Nordea Markets.

### **Vedtak**

Lån på 390 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Nordea Markets. Renta er 1,26 % fram til 16.03.2018.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 13.03.2017**

Eit sertifikatlån på 390 mill. kr har forfall 17. mars. Renta har vore 1,21 % siste 12 månadene.

Fylkesrådmannen vil refinansiere med eit 12-månaders sertifikatlån.

For å oppnå lågast mogleg rente, er det gunstig å ha nokre kortsiktige lån i porteføljen. Ein vil normalt oppnå aller lågast rente ved å ta opp 3-månaders lån. Men ein ønskjer likevel å ha nokre 12-månaders lån. Nokre av føremonene er at ein sparer arbeid med hyppige refinansieringar, ein er sikra mot renteoppgang 12 månader framover, og ein har kjent rente for rapporteringa resten av inneverande år.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunder for fylkeskommunen. Det har kome inn følgjande tilbod:

	nominell rente
Nordea Markets	1,260 %
DNB Markets	1,263 %
Danske Bank Markets	1,275 %
Sparebank 1 Markets	1,300 %
SEB Merchant Banking	1,320 %
Kommunalbanken	1,380 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Nordea Markets.